



Ekstraordinært Årsmøte Uskedal Idrettslag

Dagsorden

Den 5/10-2015 blir det halde ekstraordinært årsmøte i Uskedal Idrettslag på skulen.

Dagsorden:

1. Opning av ekstraordinært årsmøte

- Val av møteleiar og protokollunderskrivar
- Godkjenning av innkalling og dagsorden

2. Godkjenning av mellombels finansiering av kunstgrasbanen

Steg 1 av «Gull av grus»/ aktivitetspark, kunstgrasbanen, er finansiert av gåver, spelemidlar og kommunal investering for 2017. For å ferdigstille steg 1 av prosjektet allereie no, ynskjer idrettslaget å forskottere løyvingane som kjem frå spelemidlar og kommunen ved å ta opp eit mellombels lån i bank. Kvinnherad Kommune står som garantist for lånet. Der er såleis ikkje noko risiko for laget å gjennomføre dette.

Framdrifta av GULL AV GRUS-prosjektet er svært god. I går skreiv vi om at dekket til kunstgrasbanen kjem allereie på onsdag, og planane for området rundt er også klare slik at vi snart kan få ein flott aktivitetspark for alle aldersgrupper sentralt i bygda. Mandag 5.oktober kl.20 vert det ekstraordinært årsmøte i idrettslaget der mellombels finansiering av kunstgrasbanen står på sakslista. Møtet er i skulen.

Om de vil ha større skrift, kan de klikka på innkallinga over.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland